
Saksnr: 2021/5510-1
Saksbehandlar: Camilla Selch

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		27.04.2021

Årsrapport 2020 for Kollektivstrategi for Vestland

Forslag til innstilling

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet tek Årsrapport 2020 for Kollektivstrategi for Vestland til orientering.

Samandrag

I denne saka vert Årsrapport 2020 for Kollektivstrategi for Vestland lagt fram. Etter samanslåinga til Vestland har ein no fått samla årsrapporteringa basert på felles styringsdokument for mobilitets- og kollektivområdet, jf. fylkesutvalsak PS 3/2020. Årsrapporten følgjer modellen for tidlegare årsrapportering for kollektivstrategi Hordaland, men er no ein felles rapport for kollektivområdet i Vestland.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør

Målfrid Vik Sønstabø
direktør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Årsrapporten følgjer modellen for tidlegare årsrapportering for kollektivstrategi Hordaland, men er no ein felles rapport for kollektivområdet i Vestland. Under normale omstende ville Kollektivstrategi for Hordaland og Regional transportplan Sogn og Fjordane vore utgangspunktet for rapporteringa, men kollektivåret 2020 bar sterkt preg av Covid-19-pandemien, og Skyss fekk difor i avgrensa grad arbeid med å nå strategiske mål.

Pandemien førte til at ein måtte gjere ei lang rekkje tilpassingar i rutetilbod og kundeinformasjon, ofte på kort varsel, og å leggje vekt på å få færrest mogleg til å reise kollektivt. Resultata og passasjertala for 2020 speglar difor i hovudsak unntakstilstanden ein har vore i og i mindre grad overordna mål og strategiar. Rapporten inneheld ein gjennomgang av konsekvensane av pandemien på drift og resultat, oppsummering av ordinær drift, hendingar og tiltak det siste året, og relevante nøkkeltal for kollektivtrafikken.

Reisetala for 2020 syner ein nedgang i passasjertala på om lag 35 prosent, både i bergensområdet og for Vestland totalt.

Rapportar og tal vert presentert samla for 2020. Samanlikningsgrunnlaget frå 2019 er samanslåtte data frå dei to tidlegare separate einingane.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for samferdsel og mobilitet har avgjerdsmynde i saker som gjeld årleg rapport om gjennomføring av planar innan eige ansvarsområde.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Saka omhandlar ikkje endringar i vedteke budsjett.

Klima:

Saka omhandlar effekten av tiltak som bidreg til å redusere klimapåverknadene frå persontransporten.

Folkehelse:

Saka omhandlar effekten av kollektivtiltak, som generelt har positiv innverknad på folkehelsa.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Kopling til Klimaplan for Hordaland, Regional transportplan Hordaland, Regional transportplan Sogn og Fjordane, Kollektivstrategi for Hordaland, Temaplan for låg- og nullsleppsbusar i Hordaland.

Konklusjon

Fylkesdirektør for mobilitet og kollektiv meiner Årsrapport 2020 for Kollektivstrategi for Vestland gir ein god gjennomgang av situasjonen i kollektivtransporten siste året, og legg med dette fram årsrapporten til orientering.